

Kunnskapsdepartementet,
p.b. 8119 Dep.,
0032 OSLO.
postmottak@kd.dep.no

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

DYKKAR REF:
14/3600

VÅR REF:

DATO:
31.10.2014

«Utdanning og forskning i spesialpedagogikk – veien videre».

Høyringsvar frå Høgskulen i Volda.

Ekspertgruppa gjer eit fortjenestefullt forsøk på å definere spesialpedagogikk, og set det inn i ein praktisk-pedagogisk samanheng. Så langt desse utgreiingane rekk, kan vi støtte dei, men dei har manglar.

Spesialpedagogikk og spesialpedagogisk praksis blir i liten eller ingen grad sett i samband med dei overordna og allmenne verdiane som gjeld for dei institusjonane som har ansvaret for faget og for praksisen. Det mest overordna for verksemda i barnehage og skule (som er vår hovudinteresse i denne samanhengen) er omgrepet inkludering.

Noreg har skrivne under Salamanca-erklæringa frå 1994 om «... action on special needs education». Omgrepet er blitt ein del av styringsdokumenta for all opplæring. Ei stor utfordring knytt til inkludering er korleis det skal forståast, og ikkje minst korleis det skal operasjonliserast som praksis.

Med erfaring frå korleis omgrepet integrering etter kvart fekk ei svært smal tyding (plassering), er det avgjerande å unngå at det same skjer med inkludering. Omgrepet inkludering må klargjerast på vegen fram til ei meir omfattande forståing av behovet for spesialpedagogisk kompetanse i barnehage og skule. Og ikkje minst er det avgjerande å utvikle ei forståing av spesialpedagogikk som fag og praksis som ligg innanfor rammene av korleis inkludering vert oppfatta og praktisert. Dessverre er dette ikkje gjort i ekspertutgreiinga. Konsekvensen blir at dei uklare forholda som gjeld på feltet vil halde fram. At opp til 4/5 av all spesialundervisning i grunnskulen blir gitt i segregert form er eit

døme på at inkludering så langt blir forstått og praktisert på måtar ein kan stille seg spørjande til.

Høgskulen i Volda støttar ekspertgruppa si tilråding om at spesialpedagogiske emne må inn i lærarutdanningane, og at kvart enkelt fag må ta ansvar for at tilpassa opplæring og tidleg innsats blir eit gjennomgåande tema i utdanningane. Det er mykje som skal ha plass i desse utdanningane, og det bør vurderast nøye kva som skal takast inn. Dei aktuelle spesialpedagogiske emna må konkretiserast gjennom dei nasjonale retningslinjene slik at dette ikkje berre blir eit papirvedtak slik vi har sett tendensar til tidlegare.

Skal ein slik intensjon verte realitet, føreset det at dei som har ansvaret for å undervise på desse områda i lærarutdanninga har tilstrekkeleg kompetanse. I dag er det ikkje tilfelle, og før denne kompetansen er på plass, vil ein ikkje nå målsettinga. Det aktualiserer også behovet det er for å innleie og utvikle eit nærare fagleg samarbeid særleg mellom spesialpedagogikken og allmennpedagogikken, men også med alle dei andre aktørane med ansvar for opplæring. Det er vår oppfatning at spesialpedagogikken på ei rekkje felt med fordel kunne ha knytt seg nærare til dei ulike faga som born og elevar strevar med. Ei god spesialpedagogisk hjelp handlar også om djup innsikt i skulefaga.

Born og ungdom i norske barnehagar og skular utgjer eit stort mangfald. Kravet om tilpassa opplæring i ein inkluderande skule er eintydig. Dette stiller krav til omfattande spesialpedagogisk kompetanse i kommunane. Overgang til femårig grunnskulelærarutdanningar bør utviklast slik at det er rom for å ta ein master i spesialpedagogikk innanfor ramma av av denne utdanninga. Slik situasjonen er i dag, gjer Kunnskapsdepartementet si tolkning av minimumskrav til fagstudie dette vanskeleg.

Dersom vi utformar dei nye femårige utdanningane slik at ein master i spesialpedagogikk må takast etter fullført lærarutdanning, er vi redd for at det blir alt for få som tek slik utdanning i høve behovet. I ein inkluderande skule vil det i dei fleste høve vere større behov for lærarar med ein breidt orientert master i spesialpedagogikk enn for dei tradisjonelle vanskeorienterte masterutdanningane.

Kravet til praksis i masterutdanningane må vurderast grundig. Dersom master i spesialpedagogikk skal takast innanfor ramma av ei femårig lærarutdanning, må praksiskravet truleg tilpassast det ordinære løpet. Mange av dei studentane som tek master i spesialpedagogikk i dag, har lang praksis frå barnehage og skule. Vi stiller spørsmål om det er rett prioritering å stille så store krav til praksis for slike studentar. I tillegg til dette spørsmålet bør det utgreiast vidare kva ein legg i praksisomgrepet.

Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) er eit forsømt felt i norske kommunar. Endring i Utdaningslova i 2012 gav nye rettar til born, unge og vaksne som har behov for slik kompetanse. Ekspertgruppa har ikkje lagt fram forslag som møter dei utfordringane på ein tilfredstillande måte. Høgskulen i Buskerud/Vestfold har gjort eit godt arbeid på feltet, men det er ikkje nok for å møte det nasjonale kompetansebehovet. Sjølv om vi støttar forslaget om nordisk samarbeid, bør det vurderast om ikkje behovet er så stort at

vi må utvikle eit eige masterutdanningstilbod i ASK. I alle kommunar i landet er det born, unge og vaksne som kan få ein langt betre livskvalitet om vi sikrar tilgang på kompetanse på ASK-feltet. På dette området må vi vere ambisiøse.

Med venleg helsing for Høgskulen i Volda,

Per Halse, rektor.